


Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Haabrekke, Liv Medhus

Vararepresentant: Bjørg Hop

 EIDFJORD KOMMUNE	
Arkivsak ID 16/44-36	Journalist ID 19/1670
12 MAR 2019	
Arkiv K1 033	<i>Stemmeliste</i>
Arkiv K2	
Arkiv K3	

Sak 61 Godkjenning av møtebok.

Det var ikkje merknader til møteboka. Møteboka einstemmig godkjent

Sak 62 Folkehelse

Folkehelsekoordinator Lisbeth B. Celik og biblioteksjef Timo Knoch var med på møtet og drøfta ulike tiltak for å stimulera til best mogleg folkehelse i kommunen i åra som kjem. Demografiske endringar fører til at me får ei stadig større gruppe eldre og stadig fleire pensjonistar. Mange av dei er friske og spreke og ynskjer ulike tilbod og aktivitetar i kvardagen. Me snakkar her om førebyggjande tiltak som hjelper både den einskilde og kommunen som fellesskap.

Me har alt fleire ulike tilbod i kommunen; fritidsverkstad, frivilligsentral, ulike organisasjonar og ulike møteplassar. Likevel er det mange som er mykje åleine og som treng litt ekstra hjelp for å delta i ulike sosiale aktivitetar. Frivilligsentralen er lite nytta, noko som kan skuldast måten den er organisert på. For mange er kanskje terskelen for høg når dei må kontakta bygdaheimen for å nytta dette tilbodet. Me vil diskutera andre måtar å gjera dette på i seinare møte.

I fyrste omgang vil me få til eit samarbeid med folkebiblioteket. Timo er villig til å bidra til organisering av tilbod i biblioteket sine lokale. Eldrerådet vil laga ei ønskeliste over kva dette tilbodet kan innehalda. Målet er å starta opp i vår med ein dag i veka.

Sak 63 Uteområdet på bygdaheimen.


Eldrerådet har tidlegare diskutert med leiinga på bygdaheimen om me kunne bidra med utstyr som kan gleda bebuarane på Eidfjord bygdaheim. Det vert planlagt eit flott uteområde, og me tenkte at eit slikt område kunne innehalda ulike spel/utstyr som inspirerte til leik og moro. Me må sjå nærare på saka når uteområdet er klart.

Sak 64. Eventuelt

Eldrerådslova frå 1991 vert no revidert. Alle eldreråd i Noreg er bedne om å koma med uttale. Frist er 1.april. Eidfjord eldreråd tek mål av seg til å koma med uttale, og medlemene er oppfordra til å koma med innspel til underteikna seinast 25.mars. Medlemene har fått utdelt dokument i denne saka, og dei eg ikkje har nådd får tilsendt på epost.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Johanna Haabrekke

Marete Sæbø

Handwritten signature of Marete Sæbø in blue ink, written in a cursive style.

Johanna Haabrekke

Handwritten signature of Johanna Haabrekke in blue ink, written in a cursive style.

07.03.2019

Glenn Wiik

Handwritten signature of Glenn Wiik in blue ink, written in a cursive style.

-skriver-